

# - Eg bar 100 kg mjøl og fekk ei krone...


— Eg bar hundre kilogram mjøl frå stabburet til eldhuset på Håkenstad i Vågå, og for det fekk eg ei krone, fortel Kari Sagstuen i Heidal. Laurdag 9. februar fyller ho 90 år. Ho er i god form og les avisar utan briller. Sjuk har ho aldri vore, så her kan ein snakke om jarnhelse. Ein ting er ho i alle fall sikker på: Når ein er sterkt nok til det, er det ikkje råd å bli knekt av for tungt arbeid. Kari var hugutreet heime medan mannen Ola var ute på ymse arbeid. Derfor var ho mor til 8, husmor, budeie, onnekær, gardskar. Stutt sagt alt. Full dags arbeid frå morgon til langt på natt var det vanlege, og enda fekk ho tid og hadde krefter til å sy til andre.

Ja, Kari er kjent som flink sydame, og utallige er dei ronda-stakkene ho har sydd. Den siste sydde ho forresten i fjor. Og nå går det med bunding - votter og sokker til oldebarn og andre. Kari har 19 oldebarn og 17 barnebarn!

Kari er født på Søre Klashaugen, og er den eldste i ein søskensflokk på elleve. Ho gjekk på skole i Skogbygdsskolen, og hadde 8 lærarar på 7 års skolegang. Likevel, Kari hadde godt for seg og fekk etter måten mye ut av skolen.

Som alle andre på den tida kom ho tidlig ut i arbeidslivet og lønna var mat og klede. Sommaren ho vart konfirmert var ho bånfost og ute og inne, som det heter på Steinehaugen. Sidan var ho på Håkenstad i Vågå, og det var der Håkenstadgubben våga på at 100 kg makta ho ikkje å bera. Kari klukkler og meiner at det var da ingen sak, men legg ho til: gammel-Håkenstad'n fekk gjennomgå for denne spøken. Folk hadde det for seg, for du veit eg var ung og kunne lett forlyfta meg, sier Kari.

Men det var ikkje berre på Håkenstad Kari tente. Ho var på andre gardar også, og seterbudeie i Lefinlia og i Skårvangen. Eit svar strev var det i Lefinlia. Her



fyra dei under ystpanna med torv, og det var ufysleig og det skulle ikkje lite fyring til for å koke inn til fem oster for dagen. Tungt var det å røre kaldt, til slutt mol dei mysusmøret i ei trekvern. — Da vart det fint, ser du, ler Kari.

Kari gifta seg i 1913 med Ola Hansen Sagstuen og dei busette seg i Vålbu på Murudalen. Her var dei i fire år, og så kjøpte dei nordre Klashaugen. Der fann dei sin framtidige heim. Det var ingen dans på roser å slå seg gjennom på dette bruket som var alt for lite. Soleis var Ola ute på

tømmerhogst om vinteren og fløyting om våren og utover sommaren. Om hausten var det hausting på utslåttar både her og der.

Kari fortel at ho hadde lang vassveg, og dersom ho har fått ei krone for kvart «vasskjørel» ville ho vore rik.

Nå har dei gamle det godt, og ikkje kan Kari forstå at folk skal bera seg så for kor vanskeleg det er i dag. Dei skulle livd i dei åra det var hardt og vanskeleg. Nei, nå skulle folk vera takksame å vera tilfreds med at dei har fått det så godt . . . , sier Kari.

-od